

## Status våningshuset i Årdalen

Arbeidet med å skifte vindauge og få kledd opp igjen våningshuset i Årdalen har ikkje gått fullt så «glatt» som vi hadde håpa og tenkt.

Fyrste snikkaren var så vidt byrja då han trakka ein spikar inn i foten og måtte seie takk for seg. Seinare fekk vi heldigvis leige Magnar Osmundsvåg og Atle Riksfjord ein periode – flinke og effektive karer. Så langt er status at veggen mot sørvest (mot sjøen) er heilt ferdig. Gavlveggen mot søraust (mot Skårbø) er ferdig kledd, men vindauga er ikkje skifta endå.

Så får vi håpe at vinteren og våren vil tillate at arbeidet med å fullføre arbeidet kan starte igjen.

Her eit par bilete som viser arbeidet så langt.



16.12.2012

th